

GAULAR KOMMUNE

MØTEBOK

KONTROLLUTVALET I GAULAR KOMMUNE

Møtestad:	Møterommet	Møtedato:	04.12.2012	Frå kl. :	10:00
Kommunehuset på Sande (møterom)				Til kl. :	12:00

Faste medlemmer i Kontrollutvalet :	Møtte:	Forfall:	Merknader :
1. Aud Lunde.	X		
2. Jarl Tyssekvam.		X	
3. Lars Egil Viken.		X	
4. Hanne Sofie Sæterlid	X		
5. Laila Oppedal	X		

Varamedlemmer :	Møtte:	Merknader :
1. Terje Vallestad.	X	
2. Svein Heggebø.		Ved ein feil ikkje blitt innkalla.
3. Karl Kristian Myrnel.		
4. Sylvia Hoff Brakestad.		
5. Unni Gjerland Lervik.		

Ordføreren har møte og talerett i utvalet:

Rådmann Helge Følid får tilsendt møteinnkalling til utvalet sine møte.

Andre som møtte :

SEKOM-sekretariat Asgeir Tveit.
KRYSS revisjon v/Terje Førde og Kari Sygna.
Ordfører Mathias Råheim.

Saker som vart handsama / drøfta i møtet :

SAKLISTA I MØTET :

- 31/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.
32/12 Skriv og meldingar.
33/12 Plan for selskapskontroll 2012 – 2016.
34/12 Orientering v/revisor om status i arbeidet - finansiell revisjon.
35/12 Oppfølgingsliste 4 – 2012 Gaular.
36/12 Eventuelt

UNDERSKRIFTER :


Aud Lunde, leiar


Terje Vallestad


Hanne Sofie Sæterlid


Laila Oppedal


Asgeir Tveit, sekr.

031/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.12.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Innkalling og sakliste vert godkjent.

032/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.12.2012	032/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

SM 15-12 E-post frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon om vedtak
forvaltningsrevisjonsprosjekt, datert 24.10.12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

033/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - GAULAR KOMMUNE 2012 - 2016

Sakshandsamar: Asgeir Tveit, SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.12.2012	33/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet "Plan for selskapskontroll Gaular kommune 2012 – 2016" med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Gaular kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

1. Kommunestyret godkjenner planen for selskapskontroll i Gaular kommune for perioden 2012 – 2016.
2. Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram ei sak om selskapsstrategi og eigarskapsmelding.

Saksutgreiing

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Gaular kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2015.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Gaular kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. Kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

034/12 ORIENTERING OM STATUS I REVISJONSARBEIDET V/REVISOR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.12.2012	034/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Vedlegg i saka:

- E-post frå Sekom sekretariat til KRYSS revisjon datert 23.10.2012.

Dokument ikkje vedlagt:

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Kommunerevisor Kari Sygna og revisjonssjef Terje Førde møtte og orienterte.

- Revisjonsområde.
- Laupande revisjon.
- Bilagsrevisjon – attestasjon av oppgåver.
- Dataløysingar.
- Prosjektrekneskapar vert ikkje lagt fram i Gaular.
- Revisjonen må vere strengare på driftsmiddelrevisjon.
- VAR-sektoren vert grundig kontrollert.
- Utfakturering – blir alt utfakturert.
- Bundne fond og ubundne fond.
- Balanseverdiar er desse reelle?
- Dokumentasjon – jfr bokføringslova.
- Rutinar for scanning.
- Transaksjonar samhandlingsreforma.
- Konesjonskraft.
- Momskompensasjon, evt. feil vert tilbakerapportert til kommunen som sjølv må rette.
- Rekneskapsføring av momskompensasjon fordeling investeringsrekneskap og driftsrekneskap.
- Skilje mellom drift og investering.
- Attestasjonar og særattestasjonar.
- Overordna analyse – Ikkje motteke svar frå rådmannen.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Saksutgreiing

ORIENTERING OM STATUS I REVISJONSARBEIDET V/REVISOR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Orientering om status i revisjonsarbeidet.

Saksopplysningar:

Revisor orienterer om status i revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

Kontrollutvalet tok i sak 030/12 Eventuelt i kontrollutvalsmøte 22.10.12 opp at dei vil kalle inn revisor til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i arbeidet på finansiell revisjon.

Kryss revisjon er 23.10.2012 orientert om at dei vert kalla inn til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om status i revisjonsarbeidet med finansiell revisjon. Dei er vidare orienterte om at tema bør vere om det er gjort funn som er interessante for kontrollutvalet og om korleis ein ligg an i arbeidet i høve til plan for revisjonsarbeidet.

Sekretariatet sine vurderingar:

035/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 23.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	04.12.2012	035/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 22.11.2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
016/10 Forvaltningsrevisjonsrapport – Sjølvkostberekningar – VAR-sektoren	07.09.10		07.09.10 Tilråding til kst 14.09.10 s Gaular 01.02.11 KU ber om at rapporten vert lagt fram for kst. 01.02.11 Brev til Gaular kommune. 06.04.11 Bede om å få tilsendt kommunestyrevedtak. 10.03.11 Vedtak kst sak 05/11. 29.06.12 Brev oppfølging kst sine merknader. 10.10.12 e-post frå administrasjonen. 10.10.12 E- post frå sekom til kryss 15.10.12 E-post frå sekom til kryss
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet ”Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune” vert godkjent. 2. Tingingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for oprasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
09/12 Overordna analyse.	01.02.12		01.02.12 Vedtak KU – Tinge frå KRYSS 13.11.12 Sekom har bede KRYSS om status. 13.11.12 Kryss har svart at dei enno ikkje har fått dei opplysningane dei har bede om.
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb.
19/12 Oppfølging forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU - Merknadene til kommunestyret etter forvaltningsrevisjonsrapporten «Sjølvkostberekningar VAR-sektoren» datert 23.08.2010 vert følgt opp. - Kontrollutvalet ber administrasjonen om ei skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort for å effektivere merknadane kommunestyret hadde til rapporten 29.06.12 Brev s kommunen. 10.10.12 E-post frå adm til sekom. 10.10.12 E-post frå sekom til kryss 15.10.12 Epost frå kryss til sekom
22/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – Godkjent.
23/12 Skriv og meldingar	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – teke til vitande.
24/12 Orientering – helse sosial pleie og omsorg i	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – teke til vitande.

Gaular			
25/12 Orientering – system og rutinar for å halde svarfristar	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – teke til vitande.
26/12 Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kommunestyret. 23.10.12 s kst.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – <ul style="list-style-type: none"> - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektpånen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar.
28/12 Budsjett 2013 Budsjett drift av kontrollutvalet	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kst. 23.10.12 s. kst.
29/12 Oppfølgingsliste 3-2012 Gaular	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – teke til vitande
30/12 Eventuelt	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – Ikkje teke opp saker

Oppdatert 22.11.12

036/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 22.11.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	04.12.2012	036/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Neste møte i kontrollutvalet vert sett til 4. februar 2013.

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.